Austrheim KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	24.04.2025
Møtetid:	08:30 - -09:15
Møtestad:	Litlås Sanitetshus, Hovudsalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 35/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 36/2025	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 37/2025	Referatsaker	
RS 7/2025	Gjeldsrapport mars 2025	
RS 8/2025	Skatteoversikt til og med mars 2025 - frå Statsforvaltaren	
PS 38/2025	Delegerte vedtak formannskapet med journaldato 13.03.2025 - 14.04.2025	
PS 39/2025	Dispensasjonssøknad om deling av strandeigedom på gbnr. 157/32 i Bergsvik	
PS 40/2025	Klage på gjeven ferdigattest - avlaupsanlegg Synnevåg gbnr 133/10	
PS 41/2025	Konstituering av kommunedirektør - frå 20. juni 2025	
PS 42/2025	Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør	
PS 43/2025	Løyving til vøling av Lerøy Kai	

PS 35/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 35/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Det blei satt ei ekstra sak på saklista - Løyving til vøling av Lerøy Kai.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 35/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 24.04.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 36/2025 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen sist møte vert godkjent

Sak 36/2025 Godkjenning av møteprotokoll
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Møteprototokollen frå sist møte mangla i utsendinga, så denne saka vart utsett.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for utsetting av saka

Vedtak i sak 36/2025 Godkjenning av møteprotokoll
Formannskapet - 24.04.2025

Møteprototokollen frå sist møte mangla i utsendinga, så denne saka vert utsett.

PS 37/2025 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Sak 37/2025 Referatsaker
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomien, jamfør dei to vedlegga til referatsakene.

Per Lerøy (Ap) ba om at rekneskapen for 2024 vart sendt ut til politisk i god tid før møtedagane i Rongevær 14. og 15. mai 2025.
Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug og økonomisjef Odd Harald Dommersnes svara at rekneskapen er godkjent av revisor, og at dette kan semdast ut saman med årsmeldinga i forkant av møtedagane i Rongevær.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 37/2025 Referatsaker
Formannskapet - 24.04.2025

Formannskapet tok referatsakene til vitande.

RS 7/2025 Gjeldsrapport mars 2025

RS 8/2025 Skatteoversikt til og med mars 2025 - frå Statsforvaltaren

PS 38/2025 Delegerte vedtak formannskapet med journaldato 13.03.2025 - 14.04.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Sak 38/2025 Delegerte vedtak formannskapet med journaldato 13.03.2025 - 14.04.2025
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn N. Toft orienterte om dei delegerte vedtaka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 38/2025 Delegerte vedtak formannskapet med journaldato 13.03.2025 - 14.04.2025
Formannskapet - 24.04.2025

Formannskapet tok dei delegerte vedtaka til vitande.

PS 39/2025 Dispensasjonssøknad om deling av strandeigedom på gbnr. 157/32 i Bergsvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling av ein mindre parsell på gbnr. 157/32.
-Vilkåret er at det ikkje kan byggjast bygg på den ubebygde nye parsellen seinare.
-Vilkåret er at det ikkje kan byggjast avkjørsel frå fylkesveg til den nye parsellen seinare.
-Vilkåret er at Vestland fylkeskommune vert kalla inn til kartforretning på ny tomt.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 11-5.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

Sak 39/2025 Dispensasjonssøknad om deling av strandeigedom på gbnr. 157/32 i Bergsvik
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn N. Toft orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 39/2025 Dispensasjonssøknad om deling av strandeigedom på gbnr. 157/32 i Bergsvik
Formannskapet - 24.04.2025

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling av ein mindre parsell på gbnr. 157/32.
- Vilkåret er at det ikkje kan byggjast bygg på den ubebygde nye parsellen seinare.
- Vilkåret er at det ikkje kan byggjast avkjørsel frå fylkesveg til den nye parsellen seinare.
- Vilkåret er at Vestland fylkeskommune vert kalla inn til kartforretning på ny tomt.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 11-5.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

PS 40/2025 Klage på gjeven ferdigattest - avlaupsanlegg Synnevåg gbnr 133/10

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommune tek klage frå Rolf Henning Myrmel datert 15.05.2024 til følgje.
Ferdigattest datert 04.09.2023 blir oppheva.

Grunngjevinga føl av saksutgreiinga og vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 andre ledd.

Saka vert sendt til partane for klagevurdering etter forvaltningslova § 28.

Sak 40/2025 Klage på gjeven ferdigattest - avlaupsanlegg Synnevåg gbnr 133/10
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Administrasjonen orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 40/2025 Klage på gjeven ferdigattest - avlaupsanlegg Synnevåg gbnr 133/10
Formannskapet - 24.04.2025

Austrheim kommune tek klage frå Rolf Henning Myrmel datert 15.05.2024 til følgje. Ferdigattest datert 04.09.2023 blir oppheva.

Grunngjevinga føl av saksutgreiinga og vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 andre ledd.

Saka vert sendt til partane for klagevurdering etter forvaltningslova § 28.

PS 41/2025 Konstituering av kommunedirektør - frå 20. juni 2025

Ordførar sitt framlegg til vedtak:
Trine M. Jansen blir konstituert som kommunedirektør i Austrheim kommune frå fredag 20. juni og inntil vidare. Jansen skal også ha rolla som kommunalsjef for oppvekst.

Vidare ansvarsrekkjefølgje er som sett opp i organisasjonsplanen, med Anne Hildegunn Færøy som avløysar og deretter Bjarte Rosenlund.

Sak 41/2025 Konstituering av kommunedirektør - frå 20. juni 2025
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Handsaminga av denne saka var lukka, med heimel i Offentleglova § 13. om opplysningar som er underlagde teieplikt.

Ordførar Morten Sognnes orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordføraren presiserte at Jansen skal ha med seg årets lønsoppgjer for si stilling, sjølv om Jansen vert konstituert som kommunedirektør.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 41/2025 Konstituering av kommunedirektør - frå 20. juni 2025
Formannskapet - 24.04.2025

Trine M. Jansen blir konstituert som kommunedirektør i Austrheim kommune frå fredag 20. juni og inntil vidare. Jansen skal også ha rolla som kommunalsjef for oppvekst.

Vidare ansvarsrekkjefølgje er som sett opp i organisasjonsplanen, med Anne Hildegunn Færøy som avløysar og deretter Bjarte Rosenlund.

PS 42/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør

Ordførar sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet delegerer ansvaret for å starta arbeidet med å rekruttera ny kommunedirektør, til ordførar Morten Sognnes. Dette omfattar utsending av brev til ulike tilbydarar av rekrutteringsbistand.

Økonomisk ramme for arbeidet må avgjerast av kommunestyret, om mogleg i møte 14. eller 15. mai 2025.

Sak 42/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Handsaminga av denne saka var lukka, med heimel i Offentleglova § 23 1. ledd.

Ordførar Morten Sognnes orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Per Lerøy (Ap) tok opp at ramma for konsulentbistand bør reduserast til 150.000 kroner, utifrå at det er mogleg å bruka ein del interne ressursar i dette arbeidet med rekrutteringsprosessen.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), Ann Kristin Leirvåg (Ap) og Hege Ramsland (H) viste til at dersom ein skal organisera denne prosessen internt, er det viktig å sikra at det er godt organisert.

Formannskapet diskuterte og kom fram til eit nytt fellesframlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for nytt framlegg til vedtak, fellesframlegg.

Vedtak i sak 42/2025 Oppstart av arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør
Formannskapet - 24.04.2025

Formannskapet delegerer ansvaret for å starta arbeidet med å rekruttera ny kommunedirektør, til ordførar Morten Sognnes. Dette omfattar utsending av brev til ulike tilbydarar av rekrutteringsbistand.

Økonomisk ramme for arbeidet må avgjerast av kommunestyret, i eige møte.

Tingingsutvalet og interne personalressursar må nyttast til utforming av annonse og til systematisering av innkomne søknadar. Tingingsutvalet vel ut kandidatar til førstegongs intervju etter innstilling frå interne personalressursar eller konsulentar. Dersom tingingsutvalet ønskjer å testa kandidatar før andre gongs intervju, kan ein nytta konsulentar til dette. Ordføraren bestemmer bruk av konsulentar i prosessen. Ramma for bruk av konsulentar vert sett til kr 200.000,-.

PS 43/2025 Løyving til vøling av Lerøy Kai

Sak 43/2025 Løyving til vøling av Lerøy Kai
Formannskapet - 24.04.2025

Handsaming:

Denne saka blei sett på saklista i møtet.

Per Lerøy (Ap) la fram saka.

Bakgrunnen for saka er at tre yrkesfiskarar ønskjer at kaien blir oppgradert slik at dei kan nytta denne som utgangspunkt i næringssamanheng.
No gjer næringsfondet det mogleg å gje støtte til den kaioppgraderinga som trengs.

Søknadsfristen for statleg støtte til føremålet er 1. mai, men til dette trengs det 50% med finansiering frå kommunen. Dette kan gjerast ved at me overfører midlar frå saga i Hoplandsmarka til Lerøy kai.

Verksemda Nordhordland Grunn og Betong har kome med kostnadkalkyle for å vøla den fylkeskommunale kaien på fv. 5506. Estimatet på arbeid for vøling av Lerøy Kai med å støypa på eksisterande dekke med 30 cm er på kr. 586.400 eks. mva.
Kystverket må ha eit vedtak i kommunestyret om 50% eigenfinansiering frå kommunar som søkjer om tilskot til vøling av kaiar.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak, som var eit fellesframlegg.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for framlegget til vedtak, som var eit fellesframlegg.

Vedtak i sak 43/2025 Løyving til vøling av Lerøy Kai

Formannskapet - 24.04.2025

Finansieringsplan som sikrar ei rask oppgradering av Lerøy kai utan for store økonomiske utlegg for Austrheim kommune er følgjande:

Austrheim kommune løyver kr. 300.000 til vøling av Lerøy Kai. Midlane vert teke frå budsjetterte midlar til tiltak ved Hoplandskvernane.

Det er eit vilkår for løyvinga at Vestland fylkeskommune bidreg i spleiselaget saman med Austrheim kommune, og at dei samtykkjer til planlagte vøling av kaien som er utarbeid av verksemda Nordhordland Grunn og Betong den 03.04.2025. Ein offisiell henvending til Vestland fylkeskommune om den planlagte vølinga slik at dei kan ta stilling til dette planlagte arbeidet må sendast omgåande frå Austrheim kommune. Austrheim kommune må og be om at Vestland fylkeskommune støttar prosjektet med minst 250.000 kroner.